



Alver kommune  
Sendt til:  
[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Vår referanse:  
102740/2142260

Ansvarlig advokat:  
Christian S. Mathiassen

Dato:  
1. september 2021

## **SUPPLERANDE KLAGE OVER PLANVEDTAK - REGULERINGSPLAN FOR E39 VIKANE - EIKANGERVÅG**

### **1. Innleiing**

Vi viser til Alver kommunestyre sitt vedtak i sak 081/21, den 24.06.2021, der detaljreguleringsplan for E 39 Vikane – Eikangervåg vart vedteke.

Harris Advokatfirma AS klaga på vegne av Inger Marie og Steinar Fyllingsnes (heretter Fyllingsnes), Fyllingsnesveien 41 5913 Eikangervåg, i brev datert 12.08.2021. Klaga var rettidig, men grunna ferieavvikling ba vi om utsatt frist for å kome med nødvendig dokumentasjon og ytterleg grunngjeving for klaga. Sidan vi ikkje hadde høyrte noko, sendte vi ein e-post den 26.08.2021 der vi etterlyste tilbakemelding med ny frist, og fekk då oppgjeve den 02.09.2021 som endeleg frist.

Den 13.07.2018 sendte Fyllingsnes inn merknad til planen. Denne merknaden har han halde på ved den kommunale handsaminga og Fyllingsnes krev at planvedtaket vert endra slik at dei merknadane han har fremja vert imøtekomme.


Vi viser til vår klage datert 12.08.2021 og vil med dette supplere klaga.

### **2. Kort om historikken i saka**

Fyllingsnes har, aleine og saman med bygdelaget, i fleire omgangar teke opp den trafikkfarlege situasjonen som er ved deira eigedom både med Lindås kommune og Statens vegvesen, og bedt om tiltak.

Fyllingsnes sin landbrukseigedom med gnr. 214 bnr. 1 ligg på begge sider av E39, med bustad og driftsbygning sør for vegen og landbruksareal på nordsida av vegen. Arealet nord for vegen er slåttemark, skogsareal og beiteareal for sau. Fyllingsnes er dermed avhengig av å kunne frakte sauene frå driftsbygningen og over til beitearealet, samt at han må sikrast tilkomst med landbruksmaskiner til slåttemarka og med tømmerbil ved hogst, sjå kart under.


# Harris



Etter mange års arbeid opp mot vegvesenet, gav vegvesenet tilslutting til at det skulle opparbeidast landbruksundergang eller bru over vegen. Dette er tidlegare dokumentert i saka.

Landbruksundergang eller bru over vegen er ikkje opparbeida og heller ikkje fylgt opp av vegvesenet i den planprosessen som har vore med E39 Vikane – Eikangervåg.

Vedteke plankart legg opp til at Fyllingsnes skal krysse E39 frå køyreveg SV4, køyre inn på grøntareal SVG og følgje gang- og sykkelvegen SGS04 fram til traktorveg SV3 for å kome til eigedomen sin nord for E39, som vist på kartet under. Same trasé skal sauene fraktast. Slik planen er vedteken, **er det ikkje mogleg å kome fram til Fyllingsnes sin traktorveg med tømmebil.**



### 3. Landbruksundergang vil sikre trygg overgang for fotgjengarar og sauer


Slik planen er vedteken skal sauene gå over E39 ved krysset til køyreveg SV4 og følgje gang- og sykkelvegen fram til traktorvegen SV3. Dette inneber at Fyllingsnes og medhjelparar må stenge E39 når sauene skal over vegen, noko som ikkje er ei god løysing. Vi viser til at kryssing då skal skje i ein sving med dårleg sikt, og der ein i ei årrekke har hatt utfordringar grunna bilkøyring med høg fart.

Vi har vore i kontakt med landbruksavdelinga i Alver kommune, som tidlegare har vore i dialog med tiltakshaver og også vore på synfaring i området. Dei er godt kjent med problemstillingane, og skriv følgjande i si uttale den 01.09.2021:

«Omsynet til jordbruket

*For jordbruksdrifta er naudsynt transport utkøyring av husdyrgjødsel, kunstgjødsel, grashausting, sprøyting, jordarbeiding, flytting av sau til/frå beite, beitepussing og anna stell og vedlikehald av jorda som t.d grøfting, gjerding, vegvedlikehald. Dette medfører svært mange kryssingar av E 39 gjennom året med traktor.*

*Det som er forbunde med størst fare er kryssing av E 39 med dyr. Det er vanleg at ein går sauene mellom ulike beite når dei ligg i rimeleg avstand frå fjøset. Å kryssa E 39 med saueflokk vil vera svært trafikkfarleg for både dyr, folk og bilar, og den beste løysinga i høve til landbruk ville ha vore ein landbruksundergang eller ei bru. Visst ikkje dette er mogleg må andre avbøtande tiltak vurderast.*



*Gardskart for eigedomen: Raud prikk syner driftssenter med driftsbygning/silo, og raud sirkel syner jordbruksarealet på nordsida av E 39. Mørk gul er overflatedyrka jord= slåttemark og lys gul er innmarksbeite. Dagens tilkomst via eksisterande landbruksveg er vist med blå strek. Grønfarge er produktive skogareal.»*



Vidare viser vi til planomtalen pkt 1.2 som angjev følgjande mål for planen:

**Samfunnsmål:**

- Betra trafikktryggleik på E39.
- Auke talet på mjuke trafikantar i områda Eikangervåg/Fyllingsnes.

**Effekt mål:**

- Tilfredsstillande og trygt tilbod for mjuke trafikantar langs E39 i områda Vikane – Fyllingsnes – Eikangervåg.
- Trafikksikker kryssing av E39 for mjuke trafikantar på to angjeve punkt (Fyllingsnes og Eikangervåg).
- Trafikksikker utforming av kollektivhaldeplassar på strekninga.
- Auka trafikktryggleik for køyrande på strekninga, utviding av vegen med forsterka midtoppmerking og utbetring av sideterreng.

Å byggje ut infrastruktur som legg til rette for mjuke trafikantar er også del av kommunen sin strategi for å nå overordna mål om å oppnå ei berekraftig samfunnsutvikling tilpassa klimaendringane.

Denne sida er ikkje einig i at vedteke planforslag er i samsvar med desse måla og strategiane.

På bakgrunn av kommunen sine eigne strategiar, måla for planen og uttale frå landbruksavdelinga i Alver kommune, gjer vi gjeldande at det må planleggast for ei trafikksikker løysing som både tek omsyn til Fyllingsnes si landbruksverksemd og fotgjengarar i området.

Ein landbruksundergang vil løyse utfordringa med dagleg drift av landbrukseigedomen, og det vil vere ei trafikksikker løysing for fotgjengarar til og frå busshaldeplassen. Opparbeiding av gang- og sykkeveg sør for E39 vert då unødvendig.

#### **4. Tilkomst til landbruksveg for tømmerbil må sikrast i plan**

Plankartet over viser at det er planlagt for gang- og sykkelveg der Fyllingsnes har sin landbruksveg nord for E39 i dag.

Fyllingsnes har slåttemark, skogsareal og sauebeite nord for E39. Dette inneber at han må komme til landbruksvegen både med traktor, andre landbruksmaskiner og tømmerbil. Slik planen er vedteke i dag, vil ikkje tømmerbil ha tilkomst til traktorvegen. Vi viser i den samanheng til at det også er to andre gardsbruk som må bruke landbruksvegen når dei skal hente ut skog.

Det må dermed planleggast for tiltak som sikrer tilkomst til landbruksveg SV3 for tømmerbil.

Landbruksavdelinga i Alver kommune skriv følgjande i uttale den 01.09.2021:

*«Omsynet til skogen.*

*Landbruksvegen som ligg der i dag er den naturlege vegen å ta ut tømmer. Dette er eit større samanhengande skogsområde, og eksisterande veg er tilkomst til skogen for fleire bruk. Det er stort sett eldre skog i området. Planforslaget tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til at det må lata seg gjera å transportera ut tømmer frå området. Dagens*

planlegging for uttak av skog er basert på at tømmeret kan hentast ut med vogntog og det må difor takast omsyn til dei krav som er til vegstandard for at dette skal vera mogleg. Dersom det ikkje mogleg å få dette til kan eit avbøtande tiltak vera tilkomst via gang og sykkelveg frå Waage karosseri. Då må planlagt gang- og sykkelveg vert dimensjonert for tømmertransport og det må opnast for at vegen kan nyttast landbruksføremål i planen. Det kan gå mange år mellom kvar avverking så ein ser ikkje at dette vil vera konfliktylt i høve til mjuke trafikkantar.

For transport med traktor vil utvida av opninga frå E39 til gang- og sykkelvegen vera det beste avbøtande tiltak, men med tanke på framtidig tømmertransport må det og leggest til rette for breiare og køyrbar gang- og sykkelveg fram til bensinstasjonen.»

Vi ser for oss to alternative løysingar som vil sikre tilkomst for tømmerbil. Det beste vil vere om det vert planlagt for ein breiare og køyrbar gang- og sykkelveg fram til bensinstasjonen i tillegg til planlagt opning frå E39 vis à vis SV4 som kan nyttast av traktor, slik også landbruksavdelinga viser til. Alternativt må opninga frå E39 til gang- og sykkelvegen fram til SV3 utvidast. Utvidinga kan eventuelt stengast med låsbar bom for å hindre unødig køyring på gang- og sykkelvegen.

Uavhengig av alternativa, så må kommunen stille krav til at tilkomst for tømmerbil vert sikra i reguleringsplanen.

## 5. Avslutning

Basert på pkt 3 og 4 over ber vi Alver kommune om å oppheve vedtak datert 24.06.2021, i sak 081/21, jf. forvaltningslova (fvl) § 33 andre ledd.

Nytt planforslag må regulere for landbruksundergang og tilkomst til landbruksvegen (SV3) for tømmerbil, samt at tiltaka må sikrast gjennomført.

Med vennlig hilsen  
Harris Advokatfirma AS



Marianne Aadland Sandvik  
Advokatfullmektig  
mas@harris.no  
911 17 651